

Protokoll

Organ	Møtedato	Vedtak- sak nr.	Tidl. Sak	O-sak nr.	Ark.
Styre	03.12.2019	32 – 35/2019			
Representantskap					

Innkalling sendt	<p>Åge Verpe (Vinje), Gunnar Eilefstjønn (Seljord), , Tore Åsland (Kviteseid), Kjersti Bergland (Fyresdal), Solbjørg Frantzen (Tokke)</p> <p>Konsultativ: Elsa Ann Hauglid (driftsleiar)</p>
Forfall	Mona Skaufel Seltveit (Tokke)
Sak 32/2019	<p>Sak 32/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 – 2024 Framlegg til revidera ¹⁾Budsjett 2020 og ²⁾Økonomiplan 2021 – 2024 Dokumentet følgjer som eige vedlegg til møteboka.</p>
Framlegg til vedtak Sak 32/2019	<p>Sak 32/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 – 2024 Styret vedtek framlagt «Budsjett 2020 og Økonomiplan 2021 – 2024»</p>
Vedtak Sak 32/2019	<p>Sak 32/2019 Budsjett 2020 / Økonomiplan 2021 – 2024 Som framlegg til vedtak</p>
Stemmetal:	Samrøystes
Sak 33/2019	<p>Sak 33/2019 Låneopptak til finansiering av budsjettera investeringar – år 2020 – 2024 Førespurnad om lånetilbod er sendt Kommunalbanken (KBN) og kredittavd. i KLP. Førespurnaden om finansieringstilbod følgjer vedlagt i eige vedlegg – mrk. Sak 33/2019</p>
Framlegg til vedtak Sak 33/2019	<p>Sak 33/2019 Låneopptak til finansiering av budsjettera investeringar – år 2020 – 2024 Ved utsending av møtebok til styremøtet har tilbod om finansiering ikkje kome inn, og difor gjer styret vedtak i saka basera på tilbod som presenterast i møtet.</p>
Vedtak Sak 32/2019	<p>Sak 33/2019 Låneopptak til finansiering av budsjettera investeringar – år 2020 – 2024 Innkome finansieringstilbod, frå Kommunalbanken (KBN) og kredittavd. i KLP, vart gjennomgått i styremøtet. Styret finn tilbodet frå Kommunalbanken (KBN) som mest aktuelt, og ønskjer gå i vidare dialog med dei. Styret meiner det på dette tidspunktet berre bør søkjast om finansiering av investeringane for 2020.</p> <p>Føresetnadane som kjem fram i del av tilbodet frå Kommunalbanken (KBN), datera 02.12.2019, er som følgjer;</p>

	<p>Lånebeløp: NOK 31 492 786,00 Utbetaling: etter nærare avtale / i tilbod framkom 18.12.2019 Løpetid: 12 år Lånetype: serie Rente: 3-månaders NIBOR med tillegg av fastsatt margin 0,6% / alt. fast margin 0,6% i eit, to el. 3 år PT. rente: Nominell rtr: 2,400% p.a Eff. rtr.: 2,414% p.a. Rtr. Term.: Halvårs- og etterskuddsvise rtr.terminer</p> <p>Det er i den vidare dialogen med Kommunalbanken (KBN) eit ønskje frå styret at det og vert bede om <u>tilbod på lånefinansiering med «Grøn p.t. rente»</u></p> <p>Styret gjev styreleiar og dagleg leiar i fellesskap fullmakt til å forhandle fram låneavtale knytt til dei budsjettera investeringane i året 2020 med Kommunalbanken (KBN) innafor ei låneramme, stor NOK 31 500 000,-</p>
<p>Stemmetal:</p> <p><i>Sak 34/2019</i></p>	<p>Samrøystes</p> <p>Sak 34/2019 Endring av praktisering for leige av areal for hytterrenovasjonscontainere. Fram til no har det vore praktisert ei leigeavtale basera på tal containere per oppstillingsplass. Denne ordninga har fungert greitt fram til no, men ein ser at det vil være meir riktig å endre praksis til ei årleg leige basera på arealet som vert nytta til renovasjonsføre mål.</p> <p>Ved omlegging til kjeldesortering, og innføring botntømde containerar med lågare volum, vil talet på containerar auke alle stader. Ved ein gjennomgang av gjeldande avtalar ser ein og at kompensasjonen per container ikkje har vore lik, og nokon har fått meir i kompensasjon per container enn andre. Nokre stader er det ikkje leigeavtalar i det heile. Renovest bør behandle grunneigarar likt, og kompensere likt uavhengig av plassering.</p> <p>Storleik på leigesum vart 18.11.2019 drøfta med Øvre Telemark jordskifterett. Dei ynskjer ikkje konkret uttale seg om storleik på kompensasjonen, men peikar på at ei leigeavtale kan sjåast som ein negativ servitutt for grunneigar. Av omsyn til dette bør kompensasjonen vere ein «gulrot» for grunneigar.</p> <p>Basera på dette ynskjer ein å endre gjeldande praksis til ein kompensasjon per m2 areal, og gjer framlegg om ein kompensasjon på kr 20.00,- per m2 som vert nytta.</p>
<p><i>Framlegg til vedtak Sak 34/2019</i></p>	<p>Sak 34/2019 Endring av praktisering for leige av areal for hytterrenovasjonscontainere. Prosjektadministrasjonen har i gjennomsnitt berekna naudsynt areal pr. returpunkt til 400 m2 Styret vedtek å tilby grunneigarar kr 20,- / m2 i årleg leige av areal til bruk for returpunkt.</p>

<p>Vedtak Sak 34/2019</p>	<p>Sak 34/2019 Endring av praktisering for leige av areal for hytterenasjonscontainere. Styret vedtek å tilby grunneigarar kr 20,- / m2 i årleg leige av areal til bruk for returpunkt. Kompensasjonen (kr. 20,- / m2) inneheld både årleg leige og kompensasjon for ulempe. Vidare bør kompensasjonen indeksregulerast årleg i takt med utvikling i konsumprisindeksen (KPI), dette med basis i indekstal for månad/år då leige kontrakten inngåast.</p> <p>Generell leige kontrakt søkjast utarbeida av advokat / jurist før slik blir presentera aktuelle grunneigarar.</p>
<p>Stemmetal:</p>	<p>Samrøystes</p>
<p>Sak 35/2019</p>	<p>Sak 35/2019 Eventuelt Orientering til styret om klagesak – Slamrenovasjon/ref. 19-131 Verksemda har engasjera adv. Robert Myhre som prosessfullmektig, og han er i gang med tilsvaret som skal sendast Klagenemnda for offentlige anskaffelser. Styret fekk utdeila kopi av alle dokument i saka sålangt.</p> <p>Styret tek orienteringa til vitande.</p>

Neste styremøte: 13. desember 2019 – kl. 09.00 (Straand hotel, Vrådal)




Åge Verpe
Styreleiar




Tore Åsland
Styremedlem


Kvityeseid, den 03.12.2019




Gunnar Eilestjønn
Nestleiar



Kjersti Bergland
Styremedlem



Mona Skarfeldt
Seltveit
Solbjørg Frantzen
Varamedlem



Toralf Orekåsa
Sekretær / dagleg leiar

./ Vedtatt Budsjett 2020 og Økonomiplan 2021-24